



## Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Saksbehandlar, innvalstelefon  
fylkesberedskapssjef Stine Sætre, 71 25 84 85

Vår dato  
07.12.2015  
Dykkar dato

Vår ref.  
2015/683/STSA/350  
Dykkar ref.

Aktørane i fjellskredberedskapen i Møre og Romsdal

### Seminar om fjellskred- og flodbølgeberedskap 20. januar 2016

Fylkesmannen har i samarbeid med representantar frå NVE, politiet og kommunane revidert det overordna beredskapsplanverket (objektplanar) for dei tre overvaka fjellskredobjekta i fylket: Åkneset, Hegguraksla og Mannen. For å informere og involvere alle aktørane i beredskapen knytt til desse skredobjekta inviterer vi til eit seminar i Ålesund:

Stad: **Quality Hotel Waterfront i Ålesund**  
Dag: **Onsdag 20. januar 2016**  
Tid: **09.30 – 15.00**  
Frist for påmelding: **8.januar**

Føremålet med seminaret er å orientere om dei nye overordna planverka, og kva vi ser føre oss at dette vil bety for aktørane sitt arbeid med eige planverk. Vi vil òg orientere om arbeidet med Åknes konferansen 2016, 7-8 september, der vi planlegg ein av dagane som ei «table top» øving knytt til eit skred frå Åkneset. Vi ser på dette som ein god moglegheit for å teste ut både overordna planer, og aktørane sine planer. Førebels program for dagen er lagt ved. Målgruppa er representantar frå aktørane si kriseleing og beredskapsmedarbeidarar. Kvar aktør kan stille med 2 til 3 representantar. **Fylkesmannen vil dekke deltaking(lunsj) for inntil 2 deltakarar frå kvar aktør i beredskapen.** Om de ynskje å delta med fleire kjem ein kostnad på kr 525 pr. person.

Vi ber om stadfesting på deltaking innan **8. januar**. Påmeldingsskjema ligg på fylkesmannen sin nettstad, [www.fylkesmannen.no/mr](http://www.fylkesmannen.no/mr), under lenka «kurs og konferansar» eller ved å følgje denne lenka: <https://www.fylkesmannen.no/nn/More-og-Romsdal/Kurs-og-konferansekalender/Fjellskred--og-flodbolgjeberedskap-20-januar-2016/>

Spørsmål om påmeldinga kan rettast til: [fmmrkurs@fylkesmannen.no](mailto:fmmrkurs@fylkesmannen.no) eller 71 25 84 09. Faglege innspel kan rettast til Stine Sætre på 71 25 84 85 eller [stine.saetre@fylkesmannen.no](mailto:stine.saetre@fylkesmannen.no).

Med helsing

Stine Sætre (e.f.)  
fylkesberedskapssjef

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.  
Vedlegg: Førebels program og adresseliste.*

# Fjellskred og flodbølgeberedskap

Quality Hotel Waterfront i Ålesund, 20. januar 2015

## Førebels program

0930 – 0945	<b>Opning</b>	<b>Lodve Solholm</b> Fylkesmann i Møre og Romsdal
0945 – 1045	<b>Reviderte objektplanar</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Nasjonal beredskapsplan for fjellskred og flodbølger</li> <li>• Dei tre skredobjekta <ul style="list-style-type: none"> <li>○ Åkneset</li> <li>○ Hegguraksla</li> <li>○ Mannen</li> </ul> </li> <li>• Felles rammar for dei tre planverka</li> <li>• Fare og evakueringssonene</li> </ul>	<b>Einar Anda / Lars Harald Blikra</b> NVE  <b>Stine Sætre</b> Fylkesmannen i Møre og Romsdal  <b>John Kåre Flo</b> Møre og Romsdal politidistrikt
1045 - 1100	<b>Pause</b>	
1100 - 1200	<b>Revisjon av kommunale aktørplanar</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Interkommunalt beredskapsarbeid</li> <li>• Felles konsekvensanalyse</li> <li>• Ein generell del til bruk i lokale aktørplanar</li> <li>• Eit eksempel – Rauma kommune</li> </ul>	<b>Aud Lindis Ødegaard</b> Norddal kommune  <b>Ole Kjell Talberg</b> Rauma kommune
1200 – 1300	<b>Lunsj</b>	
1300 -1400	<b>Revisjon av aktørplanar</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Orientering frå politiet.</li> <li>• Orientering frå Statens Vegvesen</li> </ul>	<b>John Kåre Flo</b> Møre og Romsdal politidistrikt  <b>Ole Jan Tønnesen</b> Statens Vegvesen
1400- 1415	<b>Pause</b>	
1415-1430	<b>Åknes konferansen, og Øving Åknes 2016</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Orientering om planane for Åkneskonferansen og Øving Åknes 2016.</li> </ul>	<b>Stine Sætre</b> Fylkesmannen i Møre og Romsdal  <b>Lars Harald Blikra</b> NVE
1430 – 1445	<b>Oppsummering</b>	<b>Lodve Solholm</b> Fylkesmann i Møre og Romsdal

**Adresseliste:**

Norges vassdrags- og energidirektorat  
Åknes Tafjord Beredskap IKS  
Norddal kommune  
Stranda kommune  
Sykkylven kommune  
Stordal kommune  
Ørskog kommune  
Skodje kommune  
Ålesund kommune  
Sula kommune  
Ørsta kommune  
Hareid kommune  
Rauma kommune  
Nordmøre og Romsdal Politidistrikt  
Sunnmøre Politidistrikt  
Møre og Romsdal Sivilforsvarsdistrikt  
Heimevernet, HV 11  
Helse Møre og Romsdal  
Møre og Romsdal Fylkeskommune  
Kystverket  
Fiskeridirektoratet, region Møre og Romsdal  
FHL Midtnorsk Havbrukslag  
Mattilsynet, Møre og Romsdal  
Statens vegvesen, Distrikt Møre og Romsdal  
Ørskog Energi  
Mørenett  
Stranda Energi  
Sykkylven Energi  
Statnett  
Rauma energi  
NRK, Møre og Romsdal  
Frivillige organisasjonar - FORF  
Avinor og Luftfartstilsynet  
Telenor  
Nasjonal kommunikasjonsmyndighet  
Direktoratet for nødkommunikasjon  
Jernbaneverket  
Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap  
Norges geologiske undersøkelse